

Naboane til Festidalen relativt positive

19.01.2012



Scena skal stå der funksjonærane står og sit på dette biletet

Eg har ikkje opplevd dykk som veldig negative.

Det sa Bjørn Olav Tveit i leiinga for Festidalen 2012 då han oppsummerte eit informasjonsmøte i Dønhaugkjedlaren i kveld. Møtet hadde særleg adresse nettopp til naboane og dei som kom var relativt positive sjølv om dei peika på nokre ømme punkter. Truleg blir det halde eit møte til når festivalen nærmar seg for leiinga legg stor vekt på å ha eit god dialog med naboane.



Eit viktig poeng i denne samanhengen er å ha god trafikk-kontroll og nøkkelpersonell i så måte blir Humlepungen Bryggjarlag. Truleg blir det aktuelt å gjennomføra einvegstrafikk gjennom dalen for å letta belastningen.

Det var bra frammøte av naboar i kjedlaren

Kor stort publikum det er grunn til å rekna med tør ingen i leiinga ha nokon meining om førebels. Det avheng i stor grad av artistane sin kaliber og ingen av dei er så langt engasjert.
Men Tveit minnar om at det i 2009 var 1200 eine dagen og 1500 andre dagen. Han har inntrykk av

at dei som steller med booking jobbar bra og at fleire sterke namn er aktuelle.

Ein laus tråd førebels er om det skal etablerast ein festivalcamp og her er det 2 alternativ. Det eine er ridebanen ved Dønhaughølen der det har vore camp under tidlegare festivalar og det andre er oppe på sjølve Dønhaug. Her er det delte meininger og dei som er skeptiske til ein camp peikar på nærleiken til campingplassen som ligg berre 5 minutter unna.

Olav Hjetland Bringedal var redd for at fillasker ville bli kasta ut i avlinga og for korleis lyden ville påverka dyra. Til det siste sa grunneigar Magne Huglen at han hadde positive erfaringar i så måte.

Mange undrar på kor sjølve arenaen skal liggja og når det gjeld scena er svaret at ho skal plasserast nokre få meter frå kårhuset medan publikum blir plassert i eit svakt skrånande amfi oppover mot steingarden. Artistane vil disponere kjedlaren og sponsorane låven. I det heile kjem det meste av garden til å bli reservert for Festidalen denne første helga i august og grunneigaren sjølv er entusiastisk med i prosjektet.
- Eg må jo hjelpe dei med å få det til, seier Magne som har lang erfaring frå denne bransjen.

Av Ola Matti Mathisen